

Mandat for nominasjonsnemndene og prosess

Stortingsvalkrinsane Hordaland og Sogn og Fjordane til stortingsvalet 2025.

Hovudmålet for nominasjonsprosessane er å sørge for at SV stiller til val med gode kandidatar, som er klare til å gjere ein god jobb fram mot valet – og klare for å ta sete på Stortinget.

Landsstyret i SV har vedteke at det er eit mål at nominasjonsprosessane framfor stortingsvalet skal vere opne. Det skal vere mogleg for alle medlemmer og lokallag å kunne engasjere seg i, og dermed vere med å bestemme, kven som skal representere SV på Stortinget i perioden 2025-2029.

Utsendingane på fylkesårsmøtet i Vestland SV vel nominasjonsnemnd for stortingsvalkrins Hordaland og stortingsvalkrins Sogn og Fjordane. Nemndene har fem medlemmer kvar. Vestland SU har ein plass i kvar av nemndene.

Nemndene legg opp sitt eige arbeid innanfor det mandatet fylkesårsmøtet vedtek. Kvar av nemnde skal få sekretærhjelp frå fylkeskontoret til Vestland SV. Nominasjonsnemndene skal så langt det er praktisk mogleg delta på skuleringsopplegget for nominasjonsarbeid som SV sentralt inviterer til.

Open innspelsrunde

I løpet av mars skal fylkeskontoret på vegne av nemndene sende ut informasjon til alle medlemmene, lokallaga, bydelslag (i Hordaland) og Vestland SU om korleis det er mogleg å melde seg som kandidat, korleis melde inn framlegg til kandidatar og anna innspel til nominasjonsnemndene.

Det vert sett ein felles frist for å kome med framlegg til dei to nemndene. Fristen vil vere **1. mai 2024**.

Deretter arbeider nemndene kvar for seg med innspel og framlegga dei har fått. Nemndene skal avklare med dei fremste listekandidatane frå førre stortingsliste ynskjer å stille på nytt, undersøkje om føreslåtte kandidatar er kandidatar og sjølve leite etter kandidatar for å sikre seg brei representasjon på stortingslista.

Landsstyret i SV seier dette om listestillingsarbeid: «En viktig del av dette arbeidet er å jobbe for et mangfold i bakgrunn blant medlemmer, folke- og tillitsvalgte. Særlig viktig blir det å få med grupper som er underrepresentert i politikken ellers og som har interesse av SV-politikk som minoriteter, fagarbeidere, og arbeiderklasseyrker».

Første runde for listeframlegg

Nominasjonsnemndene skal sende ut sitt første utkast til stortingsliste på høyring til lokallaga. Frist for å gjere dette er innan **1. september 2024**. Då skal lokallaga ha 20 dagar på å melde tilbake synspunkt på lista.

Endeleg framlegg til stortingsliste

Nominasjonsnemnda skal deretter, på bakgrunn av innspel frå lokallaga, leggje fram sitt endelege framlegg til stortingsliste. Denne lista skal gjerast kjent 30 dagar før nominasjonsmøtet. Vestland SV sine vedtekter seier 14 dagar, med vedtektene til SV over våre vedtekter og slår fast at listeframlegga skal vere klare 30 dagar før nominasjonsmøta. Innkalling til nominasjonsmøta skal sendast ut 30 dagar før nominasjonsmøta.

Nominasjonsmøta vedtek eigen forretningsorden. Det er likevel slik at om utsendingar fremje «benkeframlegg» (endringsforslag) til stortingsliste-ramlegget frå nemnda, er fristen for det 5 dagar før nominasjonsmøtet.

Nominasjonsmøtet i **Hordaland** vert **laurdag 2. november***

Nominasjonsmøtet i **Sogn og Fjordane** vert **laurdag 9. november***

*(*om fylkesstyret vurderer at vi lyt endre tidspunktet skal det avklarast i veldig god tid).*

Dette seier vedtektene til Vestland SV om nominasjonsarbeidet for val til Stortinget:

Kapittel IV: Nominasjonsarbeidet framfor Stortingsval

§ 6 To valdistrikt ved stortingsval

Så lenge Hordaland og Sogn og Fjordane held fram som to valdistrikt vil det bli halde eitt nominasjonsmøte for kvart valdistrikt.

§ 6.1 Val av nominasjonsnemnd

Fylkesstyret legg fram tilråding til to nominasjonsnemnder for fylkesårsmøtet året før valåret. Berre utsendingane frå Sogn og Fjordane har røysterett i val av nominasjonsnemnd for Sogn og Fjordane, og berre utsendingane frå Hordaland har røysterett i val av nominasjonsnemnd for Hordaland.

§ 6.2 Ansvar og oppgåver

Før nominasjonsnemndene utarbeidar sitt første framlegg til valliste, skal lokallaga og medlemmer ha høve til å kome med framlegg og innspel til nemnda. Nemnda sitt

fyrsteutkast skal sendast på høyring til lokallaga med rimeleg tilbakemeldingsfrist, før nemnda kunngjer sitt siste framlegg til valliste. Nominasjonsnemndene sitt endelege listeframlegg skal vere lokallaga i hende seinast 14 dagar før møtet. Elles gjeld dei reglar for nominasjon og listeinnlevering som er gjevne i vallova eller i forskrifter til vallova. Nominasjonsmøtet vedtek det endelege listeframlegget.

§ 6.3 Innkalling til nominasjonsmøte

Fylkesstyret kallar inn til to nominasjonsmøte, eitt for Hordaland og eitt for Sogn og Fjordane. Kunngjering må sendast lokallaga seinast 30 dagar før møtet. Nominasjonsmøte skal seinast haldast som eige særsmøte på fylkesårsmøtet i valår.

§ 6.4 Samansetjing av nominasjonsmøtet

Dei to valdistrikta har kvart sitt nominasjonsmøte. Ein legg SV sitt sentrale medlemsregister pr. 31.12. året før til grunn for utrekninga. Nominasjonsmøtet vert sett saman av utsendingar frå lokallaga etter same fordelinga som tidlegare nominasjonsmøte i Hordaland og Sogn og Fjordane. For nominasjonsmøte for valkrinsen Sogn og Fjordane gjeld slik fordeling av utsendingar mellom lokallaga: Inntil 20 medlemmer: 2 utsendingar, inntil 21–35 medlemmer: 3 utsendingar, inntil 36–50 medlemmer: 4 utsendingar og over 50 medlemmer: 5 utsendingar. Sosialistisk Ungdom kan møte med tal utsendingar etter medlemstal i Sogn og Fjordane som for eit lokallag. Utsendingane må vere bustadsregistrert i valdistriktet.

For nominasjonsmøte for valkrinsen Hordaland gjeld slik fordeling av utsendingar mellom lokallaga: Lokallaga med 1-15 medlemmer får 1 utsending, 16-30 medlemmer får 2 utsendingar, 31-45 medlemmer får 3 utsendingar og så vidare. Ingen lokallag kan likevel åleine ha meir enn 40% av det totale talet på moglege lokallagsutsendingar. Sju utsendingar oppnemnt av Vestland SU sitt fylkesstyre kan møte med fulle rettar på nominasjonsmøtet. Utsendingane må vere bustadsregistrert i valdistriktet.